

FØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR DEL AV FØRDE SENTRUM.

Planen er datert: 20.09.94.
Siste revisjon:
Dato for kommunestyrets vedtak:

Disse reguleringsføresegner gjeld for det området som på planen er vist med reguleringsgrense.

Området vert regulert for følgjande føremål:

1. BYGGEOMRÅDER 2. TRAFIKKOMRÅDER 3. FRIOMRÅDER

1. BYGGEOMRÅDER

1.1 BUSTADER

- 1.1.1 Bustader skal plasserast innanfor dei viste grenser.
- 1.1.2 U-graden er definert som brutto golvareal dividert på brutto grunnareal, og framgår av plankartet.
- 1.1.3 Bustadene sin takvinkel vert fastsett av bygningsrådet ved behandling av byggemeldingar.
- 1.1.4 Bustadane kan oppførast i inntil 2 etasjer. Mønehøgda skal ikkje overstiga 8,0m.
- 1.1.5 Bygningsrådet skal sjå til at byggeområdet får ein god form og materialbruk, og at bustadar i samme gruppe får ein harmonisk utforming. Bygningsrådet kan kreve utarbeidd bebyggelsesplan for området.

1.2 OFFENTLEGE BYGNINGAR

- 1.2.1 Bygningar skal byggjast som Bu- og Servicesenter for eldre og andre offentlege bygningar.
- 1.2.2 U-graden er definert som brutto golvareal dividert på brutto grunnareal, og framgår av plankartet.
- 1.2.3 Bygningane sin takvinkel vert fastsett av bygningsrådet ved behandling av byggemeldingar.
- 1.2.4 Bygningane kan oppførast i inntil 2 etasjer. Mønehøgda skal ikkje overstiga 8,0m.
- 1.2.5 Bygningsrådet skal sjå til at byggeområdet får ein god form og materialbruk, og at bygningar i samme gruppe får ein harmonisk utforming. Bygningsrådet kan kreve utarbeidd bebyggelsesplan for området.

2. OFFENTLEGE TRAFIKKOMRÅDER

- 2.1 Trafikkområder skal disponerast til kjøreveger og fortau.

3. FRIOMRÅDER

- 3.1 Friområdet skal nyttast til park/torg.

4. FELLESOMRÅDER

- 4.1 Felles avkjørslar skal nyttast til felles tilkomstveg for bustadhus som grensar til avkøyningar.

5. FELLESFØRESEGNER

- 5.1 Gjerder og annen tomteinndeling skal ikkje ha større høgde enn 80 cm.
- 5.2 Ingen tomt må tilplantast slik at offentleg ferdsel blir hindra.
- 5.3 Etter at disse reguleringsføresegner er trådt i kraft, er det ikkje tillatt ved privat servitutt å etablere forhold som er i strid mot disse føresegnene.
- 5.4 Mindre vesentlege endringar frå disse føresegnene kan tillatast av bygningsrådet innanfor rammene av plan- og bygningslova, og bygningsforskriftene.

